

Protokoll frå styremøte i Helse Førde HF

Tid: 24.11.2017, kl. 09:00-12:40
Møtestad: Scandic Sunnfjord Hotell, Førde

Styremøtet var ope for publikum og presse

Deltakarar frå styret

Agnes Landstad	Styreleiar
Atle Hamar	Nestleiar
Helge E. Bryne	Medlem
Aud Ingrid Espeland	Medlem
Reidar Sandal	Medlem
Wenche Kristin Røkenes	Medlem
Randi Aven	Medlem
Hans Jacob Westbye	Medlem
Arthur Norevik	Medlem
Audun Nedrebø	Observatør

Forfall

Liv Stave	Medlem
-----------	--------

Deltakarar frå administrasjonen

Børge Tvedt, kst. administrerande direktør
Anne Kristin Kleiven, kst. viseadm. direktør
Olav Hesjedal, direktør Medisinsk klinikk
Trine Vingsnes, direktør Kirurgisk klinikk
Svein Ove Alisøy, kst. direktør Psykisk helsevern
Arne Skjelten, HR-direktør/ kst. direktør Stab/støtte
Halfdan Brandtzæg, økonomidirektør
Kristine Longfellow, fagdirektør
Terje Ulvedal, kommunikasjonssjef
Stig Igland, samhandlingssjef
Kjell Inge Solhaug, prosjektdirektør
Berit Irene Haarklau, referent

Andre deltakarar

Marte Bale, seniorrådgjevar
Eva Søgner, overlege Medisinsk avdeling
Bård Humberstet, leiar internrevisjonen Helse Vest

Sakliste

- 079/2017 Godkjenning av innkalling og dagsorden
- 080/2017 Godkjenning av protokoll frå styremøte i Helse Førde HF 27.10.2017
- 081/2017 Administrerande direktør si orientering
- 082/2017 Rapportering frå verksemda per oktober 2017
- 083/2017 Nye Førde sjukehus
- Saker til orientering:
- 084/2017 Mellombels løysing båtambulanse sør
- 085/2017 Internrevisjon for oppfølging av regionale planar
- 086/2017 Plan for internrevisjonar i Helse Vest og Helse Førde
- 087/2017 Verksemdsoverdraging av reiser utan rekvisisjon frå Helse Førde HF til Pasientreiser HF
- 088/2017 Rapportering om prosjekt i Helse Førde
- 089/2017 Eventuelt
- Skriv og meldingar
- «Styret sitt kvarter»

Styreleiar Agnes Landstad ønska styret, brukarrepresentant, administrasjonen, publikum og presse velkommen til dagens styremøte ved Scandic Sunnfjord Hotell.

STYREMØTE STARTA MED FAGLEG ORIENTERING

Seniorrådgjevar Marte Bale og overlege Eva Søggen orienterte om:

Eldrehelseatlas for Norge

Har sett på bruk av helsetenestene for populasjon 75 år og eldre i perioden 2015-2030. Dei eldre utgjør 7% av befolkninga, og nyttar meir innlegging enn poliklinikk. Eldrehelseatlas vart lansert i juni 2017. Rapporten omhandlar mellom anna: hjartemedisin, lungemedisin, nevrologi og augesjukdommar.

Desse områda vart presentert:

- Hjartefarkt, innlagde pasientar, 75+
- Hjertesvikt, innleggingar, 75+
- Lungebetennelse, 75+, akutt innlegging og reinnlegging
- Poliklinikk – konsultasjonar og utgreiing
- Hjertesvikt, polikliniske konsultasjonar, 75+
- Arbeids-EKG og langtids-EKG, poliklinikk
- Ekkokardiografi, poliklinikk
- Demens – polikliniske konsultasjonar
- Utvalde prosedyrar
- Revaskularisering (PCI og bypassoperasjon) i aldersgruppene 50-74 og 75+
- Injeksjonsbehandling for augesjukdom og blodpropp i auga

Oppsummering:

Det vert fleire eldre i landet og i fylket vårt. Eldre akuttinnlagt i sjukehus, med lang liggetid, ofte reinnlegging og dårleg prognose – svært dårlege pasientar. Det blir behov for auka eigna sengerressursar.

Styret takka for ein god og interessant orientering. Styret stilte spørsmål om kva grupper vi må prioritere, og framskriving av aktivitet. Geriatri er eit område som truleg må prioriterast.

079/2017 Godkjenning av innkalling og dagsorden

Styreleiar Landstad leia møtet og orienterte om dagsorden:

- Styremedlem Liv Stave hadde meldt forfall
- 3 vedlegg til styresak 083/2017 «Nye Førde sjukehus» var ettersendt elektronisk 21.11.2017, og utdelt i møtet
- Etter avslutta styremøte vart det Dialogmøte mellom styret og KS/kommunane i Sogn og Fjordane

Merknad frå styremedlem Westbye, med ei orientering om budsjettoppfølging. Styreleiar Landstad bekrefta at dette inngår i orientering i sak 081/2017.

Vedtak (samrøystes):

Innkalling og dagsorden vart godkjent.

080/2017 Godkjenning av protokoll frå styremøte i Helse Førde HF 27.10.2017

Vedtak (samrøystes):

Styret godkjende og underteikna protokoll frå styremøte 27.10.2017.

081/2017 Administrerande direktør si orientering

Kst. adm. direktør Tvedt orienterte om:

1. Rapportering tilsynssaker

Status for tilsynssaker, frå Fylkesmannen i Sogn og Fjordane og Arbeidstilsynet.

Fagdirektør Longfellow orienterte om:

2. Analyse av spesialistar – kva bør vi vere merksam på?

Dette er ein årleg analyse av legespesialistar i føretaksgruppa i Helse Vest, der ein har sett på mange kriterium. Analysen inngår mellom anna som del av leveranse til Helse Vest, som igjen nyttar resultatane frå dei fire regionale helseføretaka i si samla analyse om utviklinga i legemarknaden.

Sjukefråvær registrert frå juli 2016 til juli 2017 viser at Helse Førde har lågast sjukefråvær i Helse Vest.

I Helse Vest er 10 spesialitetar vurdert som sårbare for regionen:

- Radiologi

- Indremedisin: blodsjukdommar
- Nevrokirurgi
- Patologi
- ØNH
- Indremedisin (generell)
- Plastikk kirurgi
- Indremedisin: lungesjukdommar
- Augesjukdommar
- Indremedisin: fordøyingssjukdommar

Styret kommenterte at vi må legge til rett for at yngre legar vil arbeide i føretaket vårt, og rekrutteringsstrategi vert viktig framover. Vi bør ha ein klar og langsiktig strategi for kva spesialitetar som føretaket skal ha i framtida.

Økonomidirektør Brandtzæg orienterte om:

3. Førebels budsjetttramme frå Helse Vest

Budsjettala er førebels og kan bli endra i vidare prosess fram mot styrehandsaming i Helse Vest.

- «Raskare tilbake» er fordelt (51 mill i ramma til HF)
- Omlagging av lab-takstar, tilbakehalde 75,8 mill kroner
- Nødnett vil gje høgare kostnader i helseføretaka

Dette gir oss eit tap på 9,8 millionar kroner.

Effektiviseringsauke på 0,2% (i tillegg til 0,5%) gjeld ikkje for helseføretaka. Resultatkravet fastsett i førebels inntektsfordeling er på 28 millionar kroner.

Styret kommenterte at budsjettarbeidet i helseføretaka vert noko komplisert, fordi den endelege budsjettamma ikkje er fordelt frå Helse Vest. Dette må administrasjonen ta opp med Helse Vest.

Kst. adm. direktør Tvedt orienterte om:

4. Status i budsjettarbeidet

Nedtak i ramma var på 21 millionar kroner, som er fordelt ut i klinikkane. Dei største utfordringa er i somatiske klinikkar. Det vert jobba bra ute i klinikkane med budsjetta. Vi har eit prosjekt prehospitale tenester, som gjer at vi skjermar ambulansetenesta for innsparingar i denne omgang.

Det har vore ekstra drøftingsmøte med dei tillitsvalde. Det vert også halde informasjonsmøte for alle tilsette.

Målet er å halde på resultatmålet på 28 millionar kroner for å kunne gjennomføre planlagde investeringar. Administrasjonen har drøftingar med Helse Vest, for å kunne sikre investeringsevne også i 2018. Utval for personalomstilling og utvikling er sett i gang, og det vert nedtak i stillingstal .

Styret ber om at det vert avsett god tid til budsjetthandsaming i styremøte 15. desember (møtestart kl. 09:00), for å diskutere tiltak som ligg til grunn for budsjettet.

Vedtak (samrøystes):

Styret tek meldingane til orientering.

082/2017 Rapportering frå verksemda per oktober 2017

Oppsummering:

Fagdirektør Longfellow orienterte om: Kvalitet

Grenseverdiane viser gode tall for kvalitet i Helse Førde, også samanlikna med dei andre føretaka i regionen.

Økonomidirektør Brandtzæg orienterte om: Aktivitet, økonomi og medarbeidarar

Resultatet i perioden er eit underskot på 2,6 millionar kroner. Budsjettavviket er negativt med 3,9 millionar kroner. Akkumulert resultat er negativt med 7,9 millionar kroner. Budsjettavviket til no i år er negativt med 20,4 millionar kroner.

Vedtak (samrøystes):

Rapportering frå verksemda per oktober 2017 vert teken til vitande.

083/2017 Nye Førde sjukehus

Oppsummering:

I arbeidet med kvalitetssikring av konseptfasedokumenta frå 2015 har det vore identifisert tre hovudutfordringar som ein måtte sjå nærmare på:

1. Styringsmål for investeringskostnad i forprosjektet var redusert med 5 prosent
2. Plan 2 i eksisterande lågblokk for somatikken var for trang
3. Sengepostane i eksisterande høgblokk hadde lite einerom

Det er no gjennomført eit omfattande arbeid i tenesteutviklingsprosjekta. Dette arbeidet saman med forprosjektet sitt arbeid for å finne aktuelle løysingar på hovudutfordringar frå konseptfase, er no summert opp i eit samla dokument som gjev endringsretning i høve til planane frå 2015.

Hovudpunkt som viser endringar frå konseptfasen 2015:

- 1) Ny løysing for Psykisk helsevern, med mindre areal enn planar frå 2015
- 2) Einerom, med ny løysing for bad i eksisterande høgblokk
(det skal køyrast ein pilot for å verifisere løysinga)
- 3) Det skal etablerast pasienthotell i tillegg til sjukehotell
- 4) Skilje all poliklinikkdrift frå sengepost
- 5) Auke utnyttingstida på generelle undersøkingssrom i poliklinikkar til seks timar

- 6) Intensiv, tung overvaking, to operasjonsstover og sterilproduksjon på plan 2 i tilbygg vestover.
- 7) Løysingar og kapasitetar skal justerast for oppdaterte pasientbehov

Forprosjektet skal elles detaljere og optimalisere desse punkta saman med planar som låg i konseptfasen.

Forprosjektet skal gjennomførast med utgangspunkt i konseptfase frå 2015, men med dei endringar og den retning som er peika ut i dokumentet «Korreksjonsoppstilling til konseptfase». Investeringsramme ligg fast med eit styringsmål for prosjektet på 1,45 milliardar, og ein skal arbeide for ei ferdigstilling av forprosjektarbeidet til 1. juli 2018.

Kst. adm. direktør Tvedt orienterte om Nye Førde sjukehus. Ny konklusjon etter at styresaka vart utsendt, er at i staden for seks arbeidsutval vert det planlagt eitt arbeidsutval som skal jobbe på tvers.

Vedtak (samrøystes):

1. Forprosjektet skal gjennomførast med utgangspunkt i konseptfase frå 2015, men med dei endringar og den retning som er peika ut i dokumentet «Korreksjonsoppstilling til konseptfasedokument».
2. Investeringsramme ligg fast med eit styringsmål for prosjektet på 1,45 milliardar.
3. Forprosjektet skal halde fast ved si målsetjing om ferdigstilling av forprosjektrapport frå rådgjevar til 1. juli 2018.

Saker til orientering:

084/2017 Mellombels løysing båtambulanse sør

Oppsummering:

Helse Førde arbeider for å få på plass ei båtambulanseneste som skal dekke heile området sør med ein båt. I ein mellombels periode på omlag to år frå årsskiftet 2017/2018 skal to båtar dekke området, som i dag. Det har vore gjennomført anbodskonkurranse for ein mellombels periode. Prisane for båtmateriell og maritimt mannskap er omlag som i dag.

Kst. adm. direktør Tvedt orienterte om mellombels løysing båtambulanse sør.

Vedtak (samrøystes):

Styret tek saka til orientering.

085/2017 Internrevisjon for oppfølging av regionale planar

Oppsummering:

Internrevisjonen i Helse Vest har undersøkt korleis internkontrollen rundt oppfølging av regionale planar fungerer. Dei konkluderer med at det framleis står att eit arbeid på regionalt nivå, som helseføretaka igjen må følgje opp. Helse Førde har på bakgrunn av revisjonen tydeleggjort kven som har ansvaret for oppfølging av dei regionale planane i føretaket.

Internrevisor Humberst orienterte om internrevisjon for oppfølging av regionale planar.

Vedtak (samrøystes):

Styret tek internrevisjon for oppfølging av regionale planar til vitande, og ber administrerende direktør halde fram arbeidet med å sikre oppfølging av planane i Helse Førde.

086/2017 Plan for internrevisjonar i Helse Vest og Helse Førde

Oppsummering:

Saka legg til rette for innspel frå styret til revisjonsplanane for Helse Vest og Helse Førde. Planane utfyller kvarandre på ein god måte, og dei gjennomførte revisjonsprosjekta gjev kvart år mange viktige læringspunkt til utviklinga av føretaket.

Internrevisor Humberst orienterte om internrevisjonsplanen for 2017-2018.

Styret stilte spørsmål ved om Plan for internrevisjon for seinare høve bør handteras som vedtakssak i styret.

Vedtak (samrøystes):

Styret tek saka til orientering, og ber om at den vert oversend som innspel til internrevisjonsplanen for Helse Vest 2018-2019.

087/2017 Verksemdsoverdraging av reiser utan rekvisisjon frå Helse Førde HF til pasientreiser HF

Oppsummering:

Våren 2016 var det framlagt felles styresak i dei fire regionale helseføretaka om «fremtidsrettet organisering av pasientreiseområdet». Der vart det vedteke at

tenesteområdet pasientreiser utan rekvisisjon organisatorisk skulle leggest til fire regionale einingar og eit nasjonalt helseføretak gjennom verksemdsoverdraging frå helseføretaka. I løpet av eitt år etter at ny løysing var sett i drift, skulle det vedtakast ein plan for verksemdsoverdraging av dei regionale einingane til Pasientreiser HF.

Gjennom oppdragsdokumentet for 2017 fekk Pasientreiser HF ansvaret for å utarbeide planer for verksemdsoverdraging, i samarbeid med helseføretaka. Helse Førde HF har deltek i arbeidet.

Pasientreiser utan rekvisisjon vert samla i ei juridisk eining, Pasientreiser HF. Det skal vere fire regionale einingar, Mosjøen i Helse Nord, Førde i Helse Vest, Ålesund i Helse Midt-Norge og Moelv i Helse Sør-Øst.

Vedtak (samrøystes):

Styret tek sak om verksemdsoverdraging frå Helse Førde HF til Pasientreiser HF til orientering.

088/2017 Rapportering om prosjekt i Helse Førde

Oppsummering:

Saka gjev ein status på prosjekt utanom programmet «Pasientens helseteneste» som skal rapportere særskilt på status i desember. Program og prosjekt som er registrert i porteføljen til Helse Førde:

- Pasientens helseteneste
 Tenesteutviklingsprosjekt, Nye Førde sjukehus
- Alle møter
 Mitt timeval, Open linje, Vel møte
- HELIKS
 DMA – digitalt mediearkiv, KULE – elektronisk kurve og legemiddelløysing,
 ODA – overgang til Dips Arena
- LIBRA
- Legemiddeltryggleiksprosjekt
- Nasjonalt helseatlas
- Investeringsporteføljen
- Bygg Aust
- Energileiing i Helse Førde
- NORSE
- Pasientar med store, langvarige og samansette behov
- POPP
- TikkTalk – digital/videobasert tolketeneste

Kst. adm. direktør Tvedt orienterte om prosjekt i Helse Førde.

Vedtak (samrøystes):

Rapportering frå prosjekt i Helse Førde per november 2017 vert teke til orientering.

089/2017 Eventuelt

Ingen saker.

Skriv og meldingar

Følgjande skriv og meldingar var sendt ut til styret:

- Samhandlingsnytt, november 2017
- RHF styresak 103/17 Analyse av spesialistar – kva bør vi vere merksam på?
- RHF styresak 105/17 Regional plan for svangerskaps-, fødsels- og barselomsorga i Helse Vest 2017 – 2022
- RHF styresak 107/17 Nasjonal forsikringsstrategi
- RHF styresak 110/17 Nasjonalt system for innføring av nye metoder – oppdatering etter Stortingets behandling av melding om prioritering – Stortingsmelding 34
- RHF styresak 111/17 Miljøpolitikk for Helse Vest RHF

Ref. Berit Irene Haarklau

Agnes Landstad
Styreleiar

Atle Hamar
Nestleiar

Helge E. Bryne

Liv Stave
(sett)

Aud Ingrid Espeland

Reidar Sandal

Wenche Kristin Røkenes

Randi Aven

Hans Jacob Westbye

Arthur Norevik